



Kompetanseforum Vestland
v/ Vestland fylkeskommune

Berekraftig verdiskaping - innspel til årsplan 2022

Samarbeidsarena Sogn har følgjande innspel til årsplan 2022 for «Berekraftig verdiskaping»:

Etablere fleire kontaktpunkt mellom næringslivet /bransjar og studentar ved universitet og høgskule

- Høgskulen har gode erfaringar med å jobbe inn mot nettverk og bransjar.
- For å sikre rekruttering av studentar bør arbeids- og næringsliv i enno større grad vera synleg undervegs i utdanningsløpet. Næringsorganisasjonar kan vera gode kontaktpunkt og kan tilrettelegge for møteplassar i rekrutteringsarbeidet.
- «Samskaping for eit berekraftig Sogn» er eit nytt prosjekt som vil bidra til å koble arbeids- og næringsliv til studentar ved høgskulen. Prosjektet treff godt tiltaket i årsplanen om å utvikla tettare dialog og kontakt mellom arbeids- og næringsliv og studentar. Høgskulen på Vestlandet, Sogndal kommune, Sogn næring og Sogn regionråd samarbeider om prosjektet som varer ut 2024.

Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar

- Arbeids- og næringsliv har stort behov for digitale etter- og vidareutdanningstilbod. Desse bør vera modulbaserte. Dersom digitale undervisningstilbod ikkje finst i eigen region vil private og offentlege verksemdar søkje andre tilbod.
- Gjennom prosjektet «Samskaping for eit berekraftig Sogn» vil det bli laga ein digital møteplass der t.d. bedrifter og kommunar kan melde inn arbeidsrelevante problemstillingar til bachelor- og masteroppgåver og faglærar kan finne relevante praksisplassar eller problemstillingar til entreprenørskap- og prosjektemne. Nettportalen vil vera synleg, brukarvennleg og attraktiv å bruke for alle aktørar.

Utveksle erfaringar med modellar for mobilisering til etter- og vidareutdanning for tilsette i privat og offentleg sektor

- «Berekraftig samskaping» vil bli utvikla som eit nytt tverrfagleg val- og vidareutdanningsemne som ledd i dette samarbeidsprosjektet i Sogn. Studentar, tilsette ved HVL, i private og offentlege verksemdar og personar i frivillig sektor skal delta på same kurs og utvikla løysingar på reelle problemstillingar. Læringsutbyte for emnet skal være tverrfagleg samarbeid, samskaping og innovasjon.
- Samarbeidsarena Sogn vil ha fokus på å dele gode prosjekt /«beste praksis» og gjennom regionalt samarbeid utvikla gode etter- og vidareutdanningsmodellar.

Mobilisere til fleire søkjarar til utdanningsprogram med låg innsøking som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike delar av fylket

- I Sogn har vi gode erfaringar med kombinasjonsklasser for vaksne og unge. Til dømes har 30 vaksne søkt på helsefaget ved Høyanger vgs etter ei brei mobilisering. Undervisninga vil bli modulbasert i tråd med fullføringsreforma. Eit anna eksempel er restaurant- og matfaglinja i Sogndal som har fått fleire søkjarar til 2022/2023 enn på mange år. Sogn næring var initiativtakar og samarbeider med NAV, fylkeskommunen og regionrådet (gjennom Sogn for alle-prosjektet) for å mobilisera kandidatar til starte på utdanninga og næringslivet til å bli lærebedrifter.
- Kommunane i Sogn samarbeider og set inn eigne ressursar for at tilsette skal byrje på desentralisert sjukepleiarutdanning på deltid. Prosjektleiari koordinerer det regionale arbeidet mot kommunane og høgskulen. Kvar kommune har ein kontaktperson/ansvarleg til å mobilisera tilsette og følgje opp desse i sin kommune. Sogn har gode erfaringar med å arbeide systematisk for at kommunalt tilsette skal velja denne utdanninga. Samstundes er utdanningskapasiteten ved Førde Campus ikkje utnytta og det er ledige plassar på deltidsstudiet. Større grad av samlingsbasert og nettundervisning vil bidra til at fleire byrjar på studiet.
- God informasjon til ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir er avgjerande for å sikre rekruttering til yrkesfagleg utdanning. Aktørane som NAV og opplæringskontor kan samarbeide om dette.

Utveksle erfaringar om nye modellar for samarbeid om tilbod til dei som står utanfor arbeidslivet

- Utdanningsinstitusjonar og NAV vil styrka arbeidet for å få til gode treffpunkt og god informasjon om moglege utdanningsprogram til dei som står utanfor arbeidslivet.
- Dei som står utanfor må gjerast relevante for arbeidslivet og kvalifisera seg til kompetanse som arbeidslivet etterspør. Alle NAV-kontora i Sogn har oppretta eit nytt team NAV Marknad og inkludering for å få ein god link mellom arbeidssøkjande og bedrifter som treng arbeidskraft. Arbeidet har gitt resultat med gode søkjartal på mat- og restaurantfaget til hausten. Bygg- og anleggsgfag er eit anna døme der NAV-teamet har med mange interesserte bedrifter.

Styrke bruk av eksisterande NAV-ordningar for å rekruttere utanlandske arbeidstakarar

- Tenestene til EURES-jobbmobilitet i Europa må gjerast betre kjent. NAV og næringsorganisasjonar kan informera bedriftene om moglegheitene til å henta arbeidskraft frå utlandet.

Med helsing
for Samarbeidsarena Sogn

Karina Nerland

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift